



**Bjerkreim kommune**  
**Levekårsavdelinga**  
**Legekantoret**

Stavanger Universitetsykehus

Arm. Hansensvei 20  
4011 STAVANGER

Vår saksbehandlar:	Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Dykkar dato:	Vår dato:
Knut Vassbø		J.p. 15/8523	FA - H10, TI -	30.06.2015	21.09.2015
Telefon: 51 20 11 50		Sak 15/585	&13		
E-post: knut.vassbo@bjerkreim.kommune.no					

## Høyringsvar til konseptrapport om nytt sjukehus

Bjerkreim kommune vil framheva følgjande når det gjeld val av strategi for utbygging av nytt sjukehus i Helse Stavanger HF:

### LOGISTIKK

Enkel og påliteleg transport er avgjerande for å få til eit sjukehus som samhandler godt med kommunane, og som er tilgjengeleg for innbyggjarane. Trafikksituasjonen i Stavanger har over mange år utvikla seg slik at kø og mangel på parkeringsplassar utgjør eit reelt hinder for samhandling og effektiv logistikk.

Ein må rekna med at bil vil vera eit viktig framkomstmiddel for pasientar, pårørende og samhandlarar også i levetida til det nye sjukehuset. Plasseringa av nytt sjukehus bør motverka kødanninga i og rundt Stavanger. **Dette taler for lokalisering på Stokka i Sandnes.**

### ARBEIDSDELING OG DIMENSJONERING

Etter vårt syn bør desentralisert tenesteproduksjon vidareutviklast, og eit nytt sjukehus bør planleggast med tanke på auka aktivitet ved Distriktspsykiatriske Sentra (DPS) og sjukehuset i Egersund.

Desentraliserte diagnostiske sentra med samlokalisering av sjukehuspoliklinikk, radiologi og eventuelt avtalespesialistar bør inngå som supplement til aktiviteten i den sentrale bygningsmassen. Det må også leggast til grunn at kommunane trappar opp produksjonen av helsetenester. Dette legg føringar for dimensjonering av eit nytt bygg, og for organiseringa av aktiviteten.

**Planane for nytt sjukehusbygg må difor omfatta plan for auka aktivitet både i kommunar, desentraliserte sentra og sjukehuset i Egersund.**

### SAMHANDLING

Sjølv om telemedisin og velferdsteknologi alt i dag forenklar samhandling og pasientretta aktivitet, vil fysisk plassering av nytt sjukehus påverka samhandlinga med aktørar utanfor spesialisthelsetenesta. Det gjeld både samarbeid med Universitetet i Stavanger, og

kommunane. **Ei lokalisering på Stokka vil vera ein fordel for samhandling med kommunane frå Sandnes og sørover, og vil om nokre år ligga i det demografiske tyngdepunktet i Rogaland.**

## **NÆRINGSUTVIKLING**

Det bør tilretteleggast for godt samarbeid med næringslivet, i heile regionen. Det er viktig at det er rom for etablering av helse-relatert næringsaktivitet nær det nye sjukehuset. **Både på Ullandhaug og Stokka vil det vera rom for dette.**

## **UNDERVISNING**

Dersom sjukehuset skal styrka og vidareutvikla den akademiske aktiviteten slik at det blir etablert eit fullt medisinsk embetsstudie, vil det vera ein fordel å leggja sjukehuset nær Universitetet. **Dersom undervisningstilbodet i all hovudsak kan forventast å dekkja dei kliniske faga, vil samlokalisering med Universitetet vera mindre viktig.**

Med helsing

Knut Vassbø  
kommunelege I

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift.*